



## Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling

NGIB  
Stølen 7  
5911 ALVERSUND

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese.Stronen@lindas.kommune.no
Gunn T. Ramslien	45 44 03 23	ligura@lindas.kommune.no

Radøy Ungdomsskule  
Radøy kommune  
Krossvegen 8  
5936 Manger

Dykkar ref:

Vår ref:  
2018/14

Saksbehandlar:  
Gunn-Torhild Ramslien

06.02.2018

### Tilsynsrapport

Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB) gjennomførte branntilsyn den 06.02.2018 i Radøy Ungdomsskule .

Tilsynet vart utført i medhald av Lov av 14. juni 2002 nr 20 (brann- og eksplosjonsvernlova) § 13 andre ledd og Forskrift av 17. desember 2015 nr 1710 (forskrift om brannførebygging) §§ 14–22.

Sikkerheitsnivået i objektet er vurdert etter krav i forskrift om brannførebygging og HMS-lovgivinga.

Til stade ved tilsynet:

For verksemd/bruker: Alexander Kjeseth

For brannvesenet: Gunn-Torhild Rasmlien

### Innleiing

Føremålet med tilsynet var å vurdere om eigar/verksemd/brukar av objektet arbeider systematisk med brannsikkerheita. Frå brannvesenets side vart det lagt vekt på å foreta ein heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke sannsynet for at brann bryt ut og konsekvensar av utbroten brann. Vi gjer dykk merksam på at dette ikkje er fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil/manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar si plikt å syta for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om brannførebygging jf. §§ 4–13.

Tilsynet omfattar blant anna undersøking av:

- at brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for redning- og sløkkjeinnsats
- at internkontroll ved verksemda er føremålstenleg på sikkerheitsområdet
- at vedlikehaldsrutinane vert utført

### Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av tidlegare tilsynsrapportar, internkontrollrutinar, brannteknisk dokumentasjon og teikningar. Deretter vart det teke ein stikkprøvekontroll på objektet, samt intervju for å verifisere at krava er oppfylt.



### **Oppfølging etter siste gangs tilsyn**

Førre branntilsyn vart utført: 24.02.2014.

Avvik som vart avdekka under dette tilsynet er i stor grad blitt følgt opp, utbedra og lukka. Dette gjeld avvik knytt til brukar av bygget.

### **Generelt**

Avvika ved førre tilsyn i stor grad var retta mot det organisatoriske brannførebyggjande ved skulen. Dette tilsynet var derfor i hovudsak retta mot oppfølging av desse avvika. Det vart til slutt gått ein runde med stikkprøvar på huset.

Sidan førre tilsyn er det gjort mykje med det organisatoriske brannførebyggjande arbeidet ved Radøy ungdomsskule. Administrasjonen har gjort eit godt stykke arbeid med å oppretta ein internkontroll perm med prosedyrar og informasjon, også opp mot det brannførebyggjande arbeidet ved skulen. I tillegg er det brukt tid på å implementer rutinane i organisasjonen.

Radøy ungdomsskule framstår som ryddig og oversiktleg, med frie rømmingsveggar gjennom hele bygget. Det vert gjennomført to årlege brannøvingar for elevane og lærarane ved skulen. Rutinane for evakuering har fungert godt ved øving, og det vert dokumentert og evaluert. Det er gjort nokre endringar på evakueringsplan/oppmøteplass, for å få ein meir effektiv og oversiktleg evakuering. Det er oppretta internkontroll, ved at faste namngitte personar har ansvar for å gå brannrunde på huset i slutten av kvar arbeidsdag.

Brannførebyggjande informasjon for tilsette er lagt inn i årshjulet, med fast tema to gangar i året.

### **Definisjonar:**

AVVIK:

Brot på krav fastsatt i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga.

MERKNAD:

Forhold som tilsynsmyndigheitene meiner det er riktig å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

KOMMENTARAR: Utfyllande opplysningar om avvik eller funn som beskriv dei faktiske forholda ved objektet.

### **Avvik**

Følgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

#### **Avvik 1**

#### **Rømmingsveggar er ikkje tilfredsstillande**

Avvik frå:

Forskrift om brannførebygging §§ 5 og 10

### **Kommentarar:**

**Avvik knytt til brukar av bygget:** Rømmingsvegane er ikkje tilfredsstillande ryddige.

Rømmingsveg i biblioteket er dekkja med bokreol på hjul. Dette er ikkje tilfredsstillande, då alle rømmingsveggar til ei kvar tid skal være tilgjengeleg. I tilbakemelding frå førre tilsyn foreslår biblioteksjef om at eksisterande rømmingsveg vert teke ut av planen. NGIB etterspør ei brannteknisk vurdering som underbyggjer dette. Så lenge brannteknisk vurdering ikkje føreligg, må bokylla flyttast så snart som mogleg, slik at rømmingsveggen er tilgjengeleg. Brannvesenet ber om ei tilbakemelding når det er gjort.



## **Avvik 2**

### **System for/eller gjennomføring av brannøving og opplæring er ikkje tilfredsstillande**

Avvik frå:

Forskrift om brannførebygging §§ 12 og 13, og HMS-forskrifta § 5 pkt 2, 3 og 6

#### **Kommentarar:**

**Avvik knytt til brukar av bygget:** Gjennomført øving og opplæring er ikkje tilstrekkeleg dokumentert. Nytilsette skal ha tilstrekkeleg informasjon om opptreden i ein brannsituasjon før dei vert sett i arbeid.

Det er laga ein perm med diverse info til nytilsette og vikarar. Her er også brann eit av mange tema. Rektor informer om at det vert gått ein runde på huset, med info om blant anna brann prosedyrar. Det er ein fordel om det vart laga ei oversiktsliste over konkret branninformasjon til brannrunden, slik at alle tilsette får lik informasjon. I tillegg må det dokumentert at det vert gjort.

## **Avvik 3**

### **Dokumentasjon av bygget er ikkje tilfredsstillande**

Avvik frå:

Forskrift om brannførebygging §§ 4 og 10

#### **Kommentarar:**

#### **Avvik knytt til eigar av bygget, avvik som ikkje er lukka frå førre tilsyn:**

Det manglar: Då det ikkje ligg føre tilfredsstillande dokumentasjon av bygget lyt eigar snarast få dette på plass. Utan slik dokumentasjon kan ikkje brannvernet kontrollere bygget. Verksemd/eigar av bygget lyt ha grunnlagsdokumentasjon (brannvernsteikning, føresetnad/ avgrensing av bruk av bygget osv.) i sitt internkontrollsystem

## **Avvik 4**

### **Branninstruksane og/eller planane er ikkje tilfredsstillande**

Avvik frå:

Forskrift om brannførebygging §§ 12 og 13, og HMS-forskrifta § 5 pkt 5 og 6

#### **Kommentarar:**

**Avvik knytt til eigar av bygget:** Rømmingsplanar i hovudetasje er oppdatert etter ombygging på huset (med unntak av ein gamal plan som heng igjen). Rømmingsplan knytt til branntavla i hovudetasjen er av gamal art (1995), og stemmer ikkje med terreng. Dette gjeld også rømmingsplan i underetasjen. Desse må oppgraderas snarast

## **Merknader**

Følgjande forhold vart påpeika under tilsynet:

Ved overnatting på skulen er det prosedyreperm, kor også brann vert informert om. Det vert ikkje påkravd våken nattevakt ved overnatting på skulen. Det må gjerast er risikovurdering om dette er tilstrekkeleg i forhold til risikoen.

## **Oppsummering/avsluttande møte**

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik og merknader gjennomgått.

Det var einigheit om at eigar/verksamd/bruker finn løysing for å retta opp avvik som er gitt i rapporten.



**Attendemelding**

Med tilvising til forskrift om brannførebygging jf. § 18 og retting for myndigheitsutøving ved tilsyn utført av brann- og feiarvesen, ber brannvesenet om ein skriftleg attendemelding med framdriftsplan som syner korleis og når påpeika avvik vil verta retta. Framdriftsplan skal sendast innan **23.04.2018** til:

**NGIB Førebyggjande avdeling  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ**

Med førebyggjande helsing

**Nordhordland og Gulen interkommunale  
brannførebyggjande avdeling**

**NGIB**

**Brannsjef**

**i**

**Radøy kommune**

---

Gunn-Torhild Ramslien

---

Stein Ove Valdersnes

Kopi: Alexander Kjeseth, , 5936 Manger